

Til kyrkjerådet

Høyring om justering av hovudgudstenesta.

Frå: Gudstenesteutval i Naustdal sokn, sunnfjord, Bjørgvin bispedøme

Høringssspørsmål 1a: Hvordan mener dere gudstjenestereformen har påvirket gudstjenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

- Før vi bestemte lokal grunnordning , hadde vi fleire samlingar der vi øvde på liturgi, og folk fekk kome med innspel både til liturgisk musikk og dei ulike ledda i gudstenesta. Samtale og arbeid i gudstenesteutval var nyttig og viktig. Fleire har synt engasjement for gudstenesta. På same tid har vi sett i gang fleire nye tiltak i trusopplæring, og difor fått større variasjon i type gudsteneste. Begge desse to reformene har ført til eit rikare gudstenesteliv- men på same tid – det har ikkje blitt fleire "faste" som går til gudsteneste, men det er fleire som er innom i løpet av eit år.

1b: Hva har fungert godt, og hva har fungert dårlig ved

gudstjenestereformen? Godt: Samlingsdel fungerer, med informasjon og stille før gudstenesta, samlingsbøn der det ofte er ein frivillig medarbeidar som les/barn unge tek del ; bruk av Hallalujaomkvede er innarbeidd. Ny liturgisk musikk har vi innført (Kyrie og Gloria) og dette er bra innarbeidd for dei som er regelmessig til gudsteneste- men tydeleg ukjent for dei som berre er innom ein gong eller to. I periodar hadde vi fleire ulike alternativ til Kyrie/Gloria, men har teke bort nokre av dei for å få mest mogleg attkjennung.

Dårleg: Når det vert sagt at det *normalt* skal feirast nattverd i gudstenesta, så kan dette vere vanskeleg å gjennomføre på mindre stader, som her hos oss. Sjølv om vi har brukt tid på å seinke terskelen for å ta del i nattverd, tek det tid å endre denne tankegangen- vi har ein del gudstenester det ikkje høver å ha nattverd, men vi prøver å legge til rette, slik at det skal fungere med nattverd og dåp, og å tenkje nøye gjennom om vi kan ha endå fleire gudstenester med nattverd.

Den store variasjonen av liturgisk musikk har for mange vore berikande- men har også gjort gudstenesta framand for ein del - til dømes at ein ikkje kjänner seg igjen i nabo-soknet si gudstneste fordi dei har heilt andre melodiar. Det vert også ei stor utfordring når ein no skal "stramme inn "igjen, når vi endeleg har lært melodiane, og vi må skifte igjen. .. Vi brukte mykje tid i starten på å prøve ut melodiar, fordi vi oppfatta at dette var meininga og ønskjeleg å gjere. (er klar over at musikken ikkje er spurt etter, men den er jo ei viktig del av heilskapen for heile reformen)

1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet fremover?

Forenkla materiell, dvs bøker som kan brukast utan «blad deg ihel» systemet som er no.

1d: Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?

I dei to kyrkjelydane våre er det gudsteneste kvar 14 dag og kvar 3. veke, i gjennomsnitt. Det betyr at det blir mange ulike typar gudsteneste , ut frå årshjulet vi har. I periodar er det få ”vanlege” gudstenester- så vi vil seie at hos oss er varasjonen stor. MEN det er svært viktig at det er rom for å gjere det litt fleksibel- (sjå kommentarar under dei like punkta vidare) – Det skal både vere attkjennande- men også mogleg å legge til rette ut frå kva som skal skje i gudstenesta. Det er også viktig å tenkje på at det er stor skilnad på kyrkjer i grisgrende strok og kyrkjer i byane.

3

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

Vi har god erfaring med samlingsbøn, og har valgt ut nokre alternativ. Det er SVÆRT positivt at Medliturg(ar) kan lese bøna/at born og unge kan ta del i dette leddet- og at ein kan bruke bøner som er tilpassa type gudsteneste. Difor ynskjer vi å halde fast på denne samlingsbøna, då det engasjerer fleire enn Liturg- og vi opplever at bøna ”samlar” oss slik den er tenkt!

Høringsspørsmål 3 f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til ledet syndsbekjennelse i høringsforslaget? Trur det er bra at vi får ei fast innleiing- at vi skal vedkjenne syndene- variasjonen på ordlyd har kanskje skapt forvirring? Også fint å innleie med ”Guds miskunn er stor”- elles kan det bli ein brå overgang, om ein først har samlingsbøn .

Vi har som fast ordning lagt syndsvedkjenning til ledd 16, men har hatt opning for å flytte den fram til samlingsdelen, noko vi har gjort i faste-tida. Det har vore ulike synspunkt på plassering av leddet, men vi går meir i retning av å ynskle å ha det i samlingsdelen. MEN- dersom ”Dagens bøn” vert obligatorisk, og vi også held fram med å bruke samlingsbøn, vil denne dele av gudstenesta bli noko framtidig, dersom også syndsvedkjenning kjem i denne delen. Det er fint at det er mogleg å kunne velje plassering av leddet.

Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

Nei, Vi er ikkje samd i dette, då vi ynskjer å halde fram med å bruke Samlingsbøn som fast lett. Det har vorte innarbeidd, og det er her at vi får høre andre "stemmer" enn Liturgen. , Dagens bøn *kan* vere eit alternativ å bruke , når ein finn det høvande. Dagens bøn vert lesen av L- og vi trur at mange vil ta bort Samlingsbøn , dersom Dagens bøn vert obligatorisk. Det er ikkje alltid at det er "dagens kyrkjeårs-karakter" det vil vere fokus på- td i ei gudsteneste med utdeling av böker til 4 åringar, eller temagudstenester i trusopplæring. Då blir litt av poenget borte- dersom dagens bøn ikkje samsvarer med det som kjem etterpå.

Høringsspørsmål 3 j: Gi eventuelt andre kommentarer til høringstema 3?

Høringstema 4: Justeringer i hoveddel II. Ordet, ledd 9 – 17

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

Vi har innført Halleluja-omkvede før/etter lesing som fast ordning, og opplever det godt innarbeidd. Ved høgtider brukar vi salme (høgtidsvers) før/etter lesinga. Ser at det vert foreslått å ha Hallelujavers før lesing, og evt svarsalme som respons. Det er viktig at det er mogleg å velje dette der ein finn det høveleg.

Kommentar til ledd 15 preike: ser at rubrikken "*i preikedelen kan det i samråd med liturgen leggast inn aktualiserande, dramatiserande eller aktiviserande innslag*", går ut.. Er dette slik å forstå at dette ikkje kan gjerast?? - eller er det berre så sjølvsagt at ei preike kan ha mange ulike former- og at dette ligg implisitt i setninga: « Predikanten preikar over evangelieteksten»? Forstår at det vert presisert at ein skal ha ei preike over teksten -men håpar det er opning for å tenkje variasjon om forma framleis, Det står også ein del om dette i "Almenne føresegner" og i "Rettleiing til dei ulike ledda i gudst." Det står også at ein ved særlege høve kan velje ein annan tekst. (I 5.6- Ordet. 29 og 8.24.) Vonar det vert høve til fleksibiltet, og høve til involvering av andre- dette er noko av fridomen predikanten bør ha. Det vert også understreka i kap 2 ordning for hovudgudstenester, 2.104-105 (Hovudgudstenester som temagudstenester) - der det står at temaet kan setje sitt preg på heile gudstenesta, og at dette gjeld også andre tema enn dei som er nemdne i tekstboka. Kan vi då gå ut frå at det er opning for dette vidare? Ser i høyridingsdokumentet at "alminnelige bestemmelser" må bli justerte etter at Gudstenesteordning vert vedteken. Vonar at det er opning for noko fleksibilitet også ved preikedelen.

4i: Kommentar til ledd 17 Forbønn /bønevandring med nattverd.

Vi legg merke til at ordninga med bønevandring og nattverd ikkje vert eit mogleg val i dette forslaget.Vi har prøvd ut bønevandring /forbøn som ein del av nattverden, på særskilde gudstenster knytt til trusopplæring. Dette er ikkje noko vi nyttar ofte- kanskje 2 -3 gongar i året. Vi har god erfaring med dette- og igjen ser vi at vaksne lettare følgjer borna sine til nattverd ved desse gudstenestene- der ein samstundes har nokre vandrestasjonar. Vi forstår tankegangen med at forbøn skal vere ein eigen del av gudstenesta- og det vil det OFTAST

vere. Her er det igjen snakk om kunne gjere lokale variasjonar, fordi vi ser at det er tenleg, kyrkjelydsbyggande og fleire tek del i nattverden. Det har også med at ein ikkje får altfor lange gudstenester, det kan vere viktig å tenkje på ved nokre høver.

Kommentar til ny forbøn 5: Ei veldig fin formulert bøn, men vi reagerer på siste ledd: Vi takkar for helgenar og martyrar- her trur eg mange vil stille spørsmål- kven tenkjer vi på her? Etter vårt syn, må ein kunne inkludere dei som har vitna om trua- ved å bruke eit anna ordval. Ordet martyr vil nokre også forbinde med dagens martyrar- dei som lid på grunn av trua. Skal vi takke for det i bøna??

Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/alterskranken?

Vi har god erfaring med å variere praksis med kneling og intinksjon. Ved intinksjon har vi ikkje prøvd ut særkalkar, men har brukt felles-kalk. Vi har brukt intinksjon når det er gudsteneste med fleire dåp, då vi erfarer at det både seinkar terskelen for å gå til nattverd, og at det også kan korte ned litt på gudstensta. Vi har også erfart at gudstnester med både dåp og nattverd kan bli litt "overfylte" og litt for lange om ein ikkje er medviten om val av bøner, lengde på salmar m.m.

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Vi er noko ueinige i dette. I våre kyrkjer er det oftast ofring ved skål på alteret. Då fungerer det svært dårleg å samstundes bare med seg salmebok og synge nattverdsalmen. Det betyr at skal dette bli "obligatorisk" , vil vi måtte ha ofring i benkane når det er nattverd. I små kyrkjer vil ikkje dette alltid fungere så godt. Kvifor ikkje la det vere opning for fleksibel ordning? Vi er klar over at de legg til grunn ei teologisk forklaring, og ikkje mest praktiske omsyn, som vi peikar på. Men det praktiske må også tenkjast på, og kva som faktisk vil fungere i små kyrkjelydar!

Høringsspørsmål 5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høringsforslaget?

Viktig at alle dei ulike variantane/bønene startar med same prefasjonsdialog- også den korte varianten (G)

Med helsing Gudstenesteutval i Naustdal sokn, Sunnfjord prosti,

Ved Sokneprest Rigmor Frøyen